

**Sakshandsamar:**

Merete Myklebust

E-post: Merete.Myklebust@sfj.no

Tlf:

Vår ref.

Sak nr.: 09/3860-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

25485/09

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.10.2009

Det Kongelige Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
30 OKT 2009	
SAKSNO	200904409
AVD/KONT/Graf	RBN/K/HKS
DOK.NR	98
ARKIVKODE	625

Høyring - Rapport: Forslag til framtidig organisering av naudmeldetenesta (112-rapporten)

Fylkesutvalet gjorde i møte 28.10.2009 slikt vedtak i saksnr 147/09.

”Sogn og Fjordane Fylkeskommune gir slik fråsegn til forslaget til framtidig organisering av naudmeldetenesta.

1 Innføring av felles naudnummer

Fylkeskommunen sluttar seg til at det blir innført 112 som felles naudnummer. Ved å innføre eit felles nummer unngår ein feiltelefonar som må sendast vidare til rette sentral. Det vil derfor bli kortare responstid i dei tilfella. Vidare vil det bli lettare for publikum å huske nummeret når ein berre har eit nummer å forholde seg til.

2 Modell for naudmeldeteneste

Fylkeskommunen sluttar seg til arbeidsgruppa sin modell C. Ved å velje denne modellen oppnår ein rask koordinering av ressursane dersom det til dømes det er behov for både ambulanse og brannvesen.

Vidare sluttar fylkeskommunen seg til at det blir utarbeida ein nasjonal standard for operatørane. Slik sikrar ein at brukarar over heile landet kjem til operatørar av høg standard, som taklar den stressande situasjonen og kan gje hensiktsmessige råd til innringar undervegs og slik redusere skadeomfanget. Det vil derfor vere særleg viktig at operatørane har helsefagleg kompetanse.

Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om oppretting av eit nytt statleg forvaltningsorgan. Det vil då vere klart kven som har ansvaret for drifta av naudmeldetenesta.

3 Tiltak for bruk av tenesta

Fylkeskommunen sluttar seg til tiltaka for bruk av naudtenesta. Ettersom samisk er eit likestilt språk i Noreg, er det viktig at også dei blir forstått dersom det oppstår ein naudsituasjon. Dette inneber at alle sentralane må kunne beherske samisk, eventuelt ha ein tolk tilstades eller ha høve til å ta inn ein tolk i samtala. Det er viktig at den samiskspråklege skal sleppe å gjenta seg ettersom ein då vil kunne miste verdifull tid og dette kan virke stressande for vedkommande. Det vil også vere viktig at hørsels – og talehemma får høve til å melde frå om naudsituasjonar på ein tilfredsstillande måte.



4 Pilotprosjekt

Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om gjennomføring av eit pilotprosjekt. Ved å gjennomføre eit pilotprosjekt vil ein kunne oppdage forbetringar som må gjerast før ein innførar det i heile landet. Ein vil også etter prøveperioden kunne vurdere om ei samordning av naudmeldetenesta vil fungere i praksis.

5 Ny lov om naudmeldesentralar

Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om å vedta ei ny lov som regulerer verksemda til dei nye 112-sentralane og operatørane sin yrkesutøving. Det vil vere ei ryddig ordning dersom alle reglane for 112-sentralane blir regulert i ei eiga lov. Det er særskilt viktig at teiepliktsreglane er synlege. Publikum må kunne føle seg trygge på at dei kan ringje naudnummeret utan at sensitive opplysningar kjem i urette hender.

6 Innføring av færre sentralar

Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om redusering av talet sentralar. Dette føreset at naudmeldesentralane har god oversikt over dei lokale ressursane. Heller ikkje i dagens ordning er det eit krav at operatørane har detaljert lokalkunnskap. Dersom ein har gode IKT-verktøy vil ein kunne kompensere for manglande lokalkunnskap. Eit eksempel her er kart over kor ambulansar, brannbiler og politibiler er til einkvar tid og mogelegheit til å sjå kvar innringjar er. Ved å ha færre sentralar vil ein ha større mogelegheit til å samordne og koordinere ressursar. Vidare vil personellet få større kompetanse, ettersom kvar enkelt vil få fleire saker og såleis meir erfaring med handtering av naudmeldingar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner ein av dei nye naudmeldesentralane med fordel bør lokaliserast til Flora, og viser til eigen uttale frå Flora kommune om saka.”

Med helsing



Merete Myklebust
juridisk rådgjevar